

# Huga på gard (Utkast til søknad)

Valdres Natur- og Kulturpark søker om støtte til det 5-årige prosjektet «Huga på gard».

I samanheng med prosjektet skal det også setjast i gang ei fagleg oppfølging for nye bønder som eit lågterskeltilbod.

## Bakgrunn

Søknaden er ei politisk ynskt oppfølging av Innovangsjon si 3-årige satsing (2016-2019), no gjeld satsinga heile Valdres. I RS sak 54-/19 bad regionstyret VNK om å fylje opp og foreslå ei organisering av «Huga på gard»- prosjekt for Valdres i samband med nytt handlingsprogram for 2020.

Gjennom kartlegging av ledige bruk i Valdres i åra 2002-2003 vart det registrert ca. 400 ledige bruk, dvs. bruk der eigaren ikkje budde på bruket. Kommunane Vang og Vestre Slidre er i ferd med å avslutte sitt treårige prosjekt i regi av Innovangsjon, der dei har lukkast med fleire overdragingar og fleire er i oppløpet, sjå vedlagte rapportar. I Etnedal kommune er det gjort ny kartlegging i 2018 med 84 ledige bruk, men ikkje teke tak i salsmotiverande arbeid.

Anna bakgrunn: Ruralis /Rådhuset Vingelen si trendanalyse (2018) og Bygdeutviklingsprogrammet for Innlandet. Ynskt folketalsauke i Innlandet og grøn omstilling.

## Mål

**Hovudmål:** Å busetje ledige gardsbruk i Valdres gjennom sal, utleie og forpakting.

**Måltal:** 15% av dei bruka som ved ny kartlegging vurderast som salbare, skal vera selde ved prosjektslutt.

## Metode

Metodikken i Innovangsjon sitt produkt har gjeve suksess. Mange ynskjer å selje, berre dei finn rett kjøpar. Seljar treng ofte tid for å kome fram til dette. Dialog og forståing er heilt naudsynt for å lukkast.

I dei to kommunane er det no fleire bruk som bør kunne realiserast for sal og ein vil trenge noko tid til å fylje opp desse bruka /eigarane for å få full utteljing av det arbeidet som er gjort. Det dreiar seg om å kople aktuelle seljarar med rett kjøpar, men ikkje meklartenester. For å lukkast må det vera lokalkunnskap, og dei ulike kommunane må fasast inn i prosjektet over tid. Samarbeid med kommunane, landbrukskontora og faglaga er avgjerande for å lukkast.

## **Organisering**

Eit Valdresprosjekt med medarbeidar(ar) med lokalkunnskap, personlege eigenskapar som gjev tillit og dialog med potensielle seljarar. Det handlar om respekt for eigaranes ynskjer for bruket sitt.

Prosjekteigar: VNK /kommunane

Styringsgruppe: Kommunane ved landbruks- og eller næringsjefar, Fylkesmannen ved lokal representant, ein representant for faglaga og VNK som leier gruppa.

Lokale arbeidsgrupper: Styringsgruppa må hjelpe til med lokalkunnskap og å organisere lokale ressursgrupper saman med prosjektmedarbeidar(ar).

Ressurspersonar: Faglaga, Innovangsjon SA med fleire.

Prosjektleder. Ansvar;

- Prosjektleiing, oppsett av arbeidsgrupper, rapportering, kommunikasjon, marknadsføring, t.d. bygging av nettside under valdres.no.
- Prosjektet i samarbeid med kommunane må òg kunne hjelpe nye eigarar inn i fagorganisasjonar /faglege nettverk som Landbruksrådgiving Innlandet, Nortura, Tine, Mat frå Valdres, Gards- og stølsnettverket m.fl. samt hjelpe til med å etablere kontakt med Valdres Næringshage A/S og Innovasjon Norge.

Andre ressursar: Faglag og andre ressursar koplast på prosjektet for å sikre at prosjektet ikkje berre blir eit busetjingsprosjekt, men òg eit næringsprosjekt.

## **Tidsramme**

Prosjektet er tenkt starta sommaren 2020 og vare i 5 år, (over 6 kalenderår) med avslutning hausten 2025.

## Innhald og framdrift

Hovudaktivitetar	2020	2021	2022	2023	2024	2025
Kartlegging av ledige bruk, listevasking, prioritering mm						
Kommunikasjon (foto, tekst, nettsider mm.)						
Oppfølging av eigarar						
Oppfølging av potensielle kjøparar						
Oppfølging av nye eigarar, inkludere og fagleg oppfølging (mentor)						
Seminar, konferansar						
Prosjektadministrasjon						

### Kommentarar:

- **Arbeid og framdrift i den enkelte kommune**

- Vang og Vestre Slidre: Oppfylging i 2020 og så gradvis nedtrapping
- Etnedal: Kommunen har nye lister, men dei må vaskast. Deretter igangsetting.
- Nord Aurdal og Sør Aurdal: Kartlegging (aktuelt å ta utgangspunkt i kartlegging frå 2003 /2004) og så igangsetting.
- Øystre Slidre: Starte med kartlegging etterfølgd av igangsetting.

- **Kommunane sin eigeninnsats:**

- Bidra til kartlegging og vasking av lister.
- Delta i styringsgruppa.
- Bidra til lokale arbeidsgrupper der prosjektmedarbeidar(ane) er sekretær og har ansvar for innhaldet i møta. Ordførarane kan møte i lokal arbeidsgruppe.
- Landbrukskontora som del av si 1. lineteneste må hjelpe til med å kople relevante førespurnadar til kontora inn mot prosjektet.

- **Seminar /konferansar:**

Oppstartskonferanse (kick off), Halvvegskonferanse /temaseminar halvveges og avslutningskonferanse /seminar til slutt

- **Milepælplan**

- M1: Medio 2021. Evaluering med finansiørar og prosjekteigarar – eventuell kurskorrigerig
- M2: Medio 2023. Evaluering med finansiørar og prosjekteigarar – eventuell kurskorrigerig

- **Gulmerking**

Tidspunkt for arbeid med den enkelte aktivitet er merka med gult

## BUDSJETT 2020 – 2025

KOSTNADAR	2020	2021	2022	2023	2024	2025
Løn	250 000	520 000	520 000	520 000	520 000	250 000
Fagleg bistad /nabojelp	20 000	100 000	100 000	100 000	100 000	30 000
Arb. g avg, pensjon, forsikr.	50 000	140 000	140 000	140 000	140 000	50 000
Reiser i oppdraget	10 000	20 000	20 000	20 000	20 000	10 000
Løn støttefunksjonar	20 000	30 000	30 000	30 000	30 000	30 000
Arbeidsinnsats kommunar	150 000	250 000	250 000	250 000	250 000	50 000
Kontorhald, tlf, data mm	50 000	50 000	50 000	50 000	50 000	30 000
Marknadsføring, kommunikasjon	50 000	80 000	80 000	80 000	80 000	30 000
Konferanse, møte	10 000	30 000	10 000	30 000	10 000	30 000
Uforutsett	0	20 000	0	0	20 000	0
SUM kostnadar	610 000	1 240 000	1 200 000	1 220 000	1 220 000	510 000
<b>Samla kostnad</b>						<b>6 000 000</b>
<b>FINANSIERING, samla (5 år)</b>			<b>70 % tilskott UT-midlar</b>		<b>50 % tilskott UT-midlar</b>	
Kommunar, arbeidsinnsats			1 200 000		1 200 000	
Innsats faglag og andre			450 000		450 000	
Kommunar/ VNK			150 000		1 350 000	
UT 70% / 50%			4 200 000		3 000 000	
Sum finansiering			6 000 000		6 000 000	

Kommunane dekker eigen innsats i sitt arbeid. Medfinansieringa kvart år (til prosjektleiing og konkret arbeid i kvar kommune) dekkast 50% gjennom VNK sine ordinære midlar og 50% frå kommunane i samsvar med timelister frå prosjektmedarbeidar(ane) sin timebruk i kommunen, med eit tak for kor stor innsatsen i kvar kommune skal vera. Kommunane må forplikte seg til ein minimumsinnsats for å vera med i prosjektet.

## **VURDERING**

Prosjektet ligg innanfor prioriterte satsingsområde for midlane til utviklingstiltak over jordbruksforhandlingane. Prosjektet blir forankra gjennom egne vedtak i kommunane og er forankra i Landbruksforum for Valdres. Prosjektet vidarefører den vellukka metodikken til prosjektet i Vang og Vestre Slidre 2016-2019 og og tek opp i seg erfaringane derfrå.

## **SØKNAD**

Kommunane i Valdres v/ Valdres Natur- og Kulturpark søker Innlandet fylkeskommune om kr. 4 611 600 fordelt på 6 kalenderår, jf. prosjektplan. Søklar forpliktar seg til to evalueringar saman med finansiørane og styringsgruppa, jf. framdriftsplan (M1 og M2).

## 2 vedlegg

Sluttrapport frå Innovangsjon 2019